

SAKSGANG			
Styre, utval, m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv
Komité for næring, miljø og teknikk	28.01.2015	006/15	KST
Kommunestyret	28.01.2015	009/15	KST

Saksbeh
Kjersti Sande Tveit

Arkivsaknr
14/682-6

Arkiv
K2-S10

Søknad om løyve til bygging av fire småkraftverk - Hundsåna, Rørvika, Bakkeelva og Fosseвика kraftverk. Høyringsuttale.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Askvoll kommune er positiv til at Hundsåna kraftverk vert bygd ut.

Kommunen er positiv til utbygging av Rørvika kraftverk, men meiner ein bør prøve å finne tekniske løysingar som gir mindre inngrep i naturen. Minstevassføring i Stølselva bør aukast iht. søknaden for å sikre gyteforholda for sjøaure.

Kommunen er positiv til utbygging av Bakkeelva kraftverk. Vegen til inntaket må utformast som køyresterkt terreng.

Askvoll kommune går i mot at Fosseвика kraftverk vert bygd ut. Området har stor friluftsverdi lokalt og regionalt, i tillegg til viktige kulturminne- og kulturlandskapsverdiar.

28.01.2015 KOMITÉ FOR NÆRING, MILJØ OG TEKNIKK

Komitéen tek for seg eit og eit kraftverk.

1. Hundsåna

Komitéen meiner ein bør unngå deponi på dyrka mark.

Røysting – samrøystes:

Komitéen er samd i rådmannen sitt framlegg til vedtak, men meiner ein bør unngå deponi på dyrka mark.

2. Rørvika

Røysting – samrøystes:

Komiteen er samd i rådmannen sitt framlegg til vedtak.

3. Bakkeelva

Komiteen meiner at setning «vegen til inntaket må utformast som køyresterkt terreng» skal takast bort.

Røysting – samrøystes:

Komiteen er samd i rådmannen sitt framlegg til vedtak, med unntak av siste linje.

4. Fossevika

Røysting: 5 medlemar røysta for rådmannen sitt framlegg til vedtak.
2 medlemar røysta imot.

NMT-006/15 TILRÅDING:

1 Hundsåna

Kommunestyret godkjenner rådmannen sitt framlegg med føgjandet tillegg:
Ein bør unngår deponi på dyrka mark.

2 Rørvika

Kommunestyret godkjenner rådmannen sitt framlegg til vedtak.

3 Bakkeelva

Kommunestyret godkjenner rådmannen sitt framlegg til vedtak, med endring til krav av veg.

4 Fossevika

Kommunestyret godkjenner rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Saksordførar: Petter Johnny Rivedal.

28.01.2015 KOMMUNESTYRET

Det enkelte kraftverk vert handsama kvar for seg.

Dei som evt. vert ugilde i det enkelte kraftverk går frå under drøftinga og handsaminga/avrøystinga vedkomande det kraftverket der dei er ugilde.

Dei aktuelle representantane kan delta i den generelle debatten og i handsaming av dei kraftverka dei ikkje er ugilde i.

Det vart først halde ein generell debatt om saka.

Saksordførar Petter Jonny Rivedal la saka fram for kommunestyret.

Handsaming av dei enkelte kraftverk:

1. Hundsåna kraftverk

Røysting:

Senterpartiet kom med følgjande framlegg som vart **vedteke** med 11 mot 10 røyster::
Askvoll kommune er positiv til at Hundsåna kraftverk vert bygd ut.

10 representantar røysta for komité for næring, miljø og teknikk si tilråding

Følgjande tillegg frå Senterpartiet vart samrøystes **vedteke**:
Det må takast omsyn til framtidig vegtunell forbi området.

2. Rørvika kraftverk

Renate Berg sa seg ugild i saka då ektemaken er grunneigar.
Renate Berg gjekk frå møtet – ugild etter forv.lov §6 første ledd bokstav c
Kåre Leknes møtte som vararepresentant.

Røysting – samrøystes:

Komité for næring, miljø og teknikk si tilråding vart vedteken.

3. Bakkeelva kraftverk

Ole André Klausen sa seg ugild då han er grunneigar
Ole André Klausen gjekk frå møtet – ugild etter forv.lov §6 første ledd bokstav a

Marit Klausen – mor til Ole André Klausen – sa seg ugild i saka.

Røysting – samrøystes vedtak:

Marit Klausen er ugild i saka – jfr. forv.lov §6 første ledd bokstav b

Saksordførar Petter Jonny Rivedal la saka fram for kommunestyret.

Røysting – samrøystes:

Komité for næring, miljø og teknikk si tilråding vart vedteken.

4. Fossevika kraftverk

Saksordfører Petter Jonny Rivedal la saka fram for kommunestyret.

Høgre kom med følgjande framlegg:

Askvoll kommune er positiv til at Fossevika kraftverk vert bygd ut. Området har stor friluftsverdi. Det er difor viktig at utbygging foregår så skånsomt som mogeleg.

Røysting:

Komité for næring, miljø og teknikk si tilråding vart **vedteken** mot 9 røyster.

Dei 9 røysta for Høgre sitt framlegg

KOM-009/15 VEDTAK:

1. Hundsåna kraftverk

Askvoll kommune er positiv til at Hundsåna kraftverk vert bygd ut.

Det må takast omsyn til framtidig vegtunell forbi området.

2. Rørvika kraftverk

Kommunen er positiv til utbygging av Rørvika kraftverk, men meiner ein bør prøve å finne tekniske løysingar som gir mindre inngrep i naturen. Minstevassføring i Stølselva bør aukast iht. søknaden for å sikre gyteforholda for sjøaure.

3. Bakkeelva kraftverk

Kommunen er positiv til utbygging av Bakkeelva kraftverk.

4. Fossevika kraftverk

Askvoll kommune går i mot at Fossevika kraftverk vert bygd ut. Området har stor friluftsverdi lokalt og regionalt, i tillegg til viktige kulturminne- og kulturlandskapsverdiar.

Kva saka gjeld:

-

Saksutgreiing:

NVE har sendt 12 søknader om bygging av småkraftverk på høyring. Søknadene skal handsamast samtidig, og samla belastning for regionen skal vurderast. NVE ber høyringspartane vurdere kvar sak for seg, men òg alle sakene samla dersom det er aktuelt. 4 av desse kraftverka ligg i Askvoll kommune; Hundsåna kraftverk, Rørvika kraftverk, Bakkeelva kraftverk og Fossevika kraftverk. Søknadene gjeld løyve etter vassressurslova til bygging av kraftstasjon og løyve etter energilova til bygging og drift av kraftverka med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftliner. Det er NVE som handsamar sakene og gjev løyve etter vassressurslova og energilova. Askvoll kommune skal gje uttale til søknadene.

Hundsåna kraftverk – Nordkraft Vind og Småkraft AS

Hundsåna kraftverk vil nytte eit fall på 277,5 m i Hundsåna med inntak på kote 282,5 og kraftstasjon i fjell på kote 5. Det er planlagt å regulere Hestvikvatnet 0,5 m mellom LRV på kote 282 og HRV kote 282,5. Vassvegen på om lag 370 m er planlagt som bora tilløpstunnel ned til konvensjonell driven tunnel ved kraftstasjonen. Tunnelmassar er planlagt deponert på dyrka mark i Hestvika. Det er planlagt permanent veg til kraftstasjonen som ein kort avkjørsel på omtrent 10 m frå Rv. 609. Ut over dette er det ikkje planlagt veg. Middelvassføringa er 565 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 1700 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 4,1 MW og etter planane gje ein produksjon på 9,9 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 1500 m lang elvestrekning i Hundsåna. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 20 l/s heile året.

Rørvika kraftverk – Rørvika Kraftverk SUS

Rørvika kraftverk vil nytte eit fall på 227 m med inntak på kote 230 i Storelva og kote 230 i Stølselva, samt kraftstasjon på kote 3. Vassvegen på om lag 1250 m er planlagt nedgraven/nedsprengd på heile strekninga. Det skal overførast ein mindre bekk til inntaket i Stølselva. For tilkomst til kraftstasjonen er det planlagt opprusting av 220 m eksisterande veg. Det skal byggast permanent veg til begge inntaka og total lenge for den er 1300 m. Middelvassføringa er 560 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 1000 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 1,93 MW og etter planane gje ein produksjon på 6,2 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 1830 m lang elvestrekning i Storelva og Stølselva. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 65 l/s frå inntaket i Storelva og 35 l/s frå inntaket i Stølselva i perioden 01.05-30.09. Resten av året er det planlagt slepp av minstevassføring på 20 l/s frå inntaket i Storelva og 10 l/s frå inntaket i Stølselva.

Bakkeelva kraftverk – Trollekraft AS

Bakkeelva kraftverk vil nytte eit fall på 222 m i Bakkeelva med inntak på kote 253,5 og kraftstasjon på kote 31,5. Vassvegen på om lag 1500 m er planlagt nedgraven/nedsprengd på heile strekninga langs austsida av Bakkeelva. Det er planlagt permanent veg til inntaket ved opprusting av eksisterande skogsveg og bygging av om lag 550 m ny veg. Middelvassføringa er 730 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 1400 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 2,5 MW og etter planane gje ein produksjon på 8 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 1500 m lang elvestrekning i Bakkeelva. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 28 l/s heile året.

Fossevika småkraftverk – Småkraft AS

Fossevika småkraftverk vil nytte eit fall på 221 m i Fossedalselva med inntak på kote 225 og kraftstasjon på kote 4. Vassvegen på om lag 1120 m er planlagt som sjakt/tunnel og dei siste 120 m som nedgrave rørgate. Masser frå tunnel er planlagt nytta til bygging av molo og kai i forbindelse med kraftstasjonen. Overskotsmasser er planlagt dumpa i fjorden. Rørtrasé frå kraftstasjonsområde til påhogg vert nytta til tilkomstveg og frakt av tunnelmassar i anleggsfasen. Det er ikkje planlagt permanente vegar og inntaket skal byggast med helikopter. Middelvassføringa er 1728 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 2935 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 5,76 MW og etter planane gje ein produksjon på 18,6 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 1500 m lang elvestrekning i Fossedalselva. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 400 l/s frå inntaket i perioden 01.05-30.09, og 120 l/s resten av året.

Kommunen har motteke kopi/samandrag av høyringsuttaler frå Anders Pihl, Fossedalens Vener og Sogn og Fjordane Turlag.

Sogn og Fjordane Turlag går sterkt i mot Fossedalen kraftverk, og reknar den som den mest konfliktfylte av dei 12 kraftverksutbyggingane som er på høyring. Dei er òg motstandar av Rørvika kraftverk. Dei ser at Hundsåna kraftverk kan vere positiv for trafikktryggleiken, og går ikkje i mot utbygginga. Dei har ikkje hatt høve til å vurdere Bakkeelva kraftverk enno, men reknar med at utbygginga er akseptabel.

Fossedalens Vener går sterkt i mot utbygging av Fossedalen kraftverk.

Anders Pihl, grunneigar i Fossevika, er i utgangspunktet mot utbygging av Fossedalen kraftverk, men har inngått avtale med fallrettseigarane om plassering av kraftstasjon vest på hass eigedom, og tilgang for han til området rundt fossen der det ligg ein gamal husmannsplass.

Vurdering:

Hundsåna kraftverk

I gjeldande arealdel er det aktuelle området avsett til landbruks-, natur- og friluftsføremål (LNF). Framlegg til ny arealdel av kommuneplanen har vore til offentleg ettersyn. Her er det aktuelle området for kraftverksanlegget avsett til landbruks-, natur- og friluftsføremål (LNF). Massedeponiet ligg i landbruks-, natur- og friluftsområde der det er tillatt med spreidd utbygging (bustad- og fritidshus). Tiltaka er såleis ikkje i samsvar med plan.

Hestvikvatnet og mesteparten av vassdraget ligg på ei hylle høgt over fjorden. Berre fossen som veltar utfor kanten og ned mot fjorden er synleg frå fjorden og fylkesvegen.

Hestvikvatnet ligg i eit ope område, medan elva nedstraums vatnet ligg i skog. Grunnen er mykje ur og blokkstein. Det skal etablerast ein liten dam i utløpet av vatnet, og vasstanden vert auka 0.5m. Dette er truleg innanfor naturleg vasstandvariasjon. Inntaket vert bora i fjell på nordsida av vatnet, med ein kort utsprengt kanal fram. Nokre bekkar frå Blåfonna renn inn på Hundsåna litt nedstraums Hestvikvatnet. Vatn herfrå skal i staden førast i ein kanal bort til Hestvikvatnet. Grøfta vert dekkja til med ur, slik at det skal sjå naturleg ut. Anleggsarbeidet skal utførast med helikoptertransport, slik at det ikkje vert anleggsvegar ol. i området. Dei synlege inngrepa vil dermed verte små. Kraftstasjonen vert plassert inne i fjellet, slik at han er sikra mot skred. Dersom massane ikkje vert nytta til vegbygging, vert dei deponert permanent på bøen i Hestvika. Det må då vere ein føresetnad, slik tiltakshavar har planlagt, at matjorda vert teke vare på. Administrasjonen ser ikkje at det treng vere nokon konflikt mellom massedeponi og evt. husbygging seinare.

Det er registrert tre naturtypelokalitetar med lokal verdi. Fossesprøytsone under Blåfonna vert så vidt rørt ved bygging av overføringskanalen. Hestvikvatnet er registrert som naturleg fisketomme innsjøer og tjern. Vasstandhevinga på 0.5m er vurdert til å ha liten verknad på naturverdiane. Bakkane ned mot fjorden er registrert som nordvende kystberg og blokkmark, og tunnelinnslaget vil truleg så vidt røre lokaliteten, men ikkje redusere verneverdien. Det er registrert faktisk og sannsynleg hekkeplass ved Hestvikvatnet for to fugleartar som har status NT (nær truga) i raudlista, men vasstandheving er vurdert til å ikkje ha store konsekvensar for desse. Utbygginga vil føre til bortfall av noko INON-område (inngrepsfrie naturområde). Så langt ein veit, vil ikkje utbygginga vere i konflikt med kulturminne. Området er brukt til beite og noko jakt. Det er eit fint naturområde, men ligg slik til at det er lite brukt til friluftsliv.

Den reduserte vassføringa i fossen ned mot fylkesvegen vil bidra til auka trafikktryggleik på vegstrekninga, noko som er svært positivt. Det er stor skredfare på strekninga og utanom fossen, og det er politisk press for å få rassikker veg. Det er tankar om tunnel forbi strekninga, utan at dette er konkretisert på nokon måte. Ved plassering av kraftverk og tilløpssjakt bør ein ha tankar for at ein skal få plass til begge delar. Administrasjonen meiner utbygginga vil føre til få og små negative konsekvensar, og at samfunnsnytta vil vere stor i høve til desse. Administrasjonen meiner difor at ein bør gje løyve til Hundsåna kraftverk.

Rørvika kraftverk

I gjeldande arealdel er det aktuelle området avsett til landbruks-, natur- og friluftsføremål (LNF). I framlegg til ny arealdel av kommuneplanen er det aktuelle området for kraftverksanlegget avsett til landbruks-, natur- og friluftsføremål (LNF) og omsynssone bandlegging etter anna lovverk (vanleg framstilling i plan av ein omsøkt kraftutbygging, utan at det er teke stilling til tiltaket i planen).

Stølselva og Storelva består av ei rekkje store og små elveløp. Stølselva renn ut i sjøen lengst vest, medan Storelva har to utløp i sjøen austafør. Vatnet i Stølselva drenerer ut frå myr- og fjellområde. Fleire stolar ligg ved elva eit stykkje ovanfor inntaket. Storelva får ma. vatn frå Nipevatnet og Tobbedalsvatnet. Stien til Blegja går parallelt med elva, og er mykje brukt, ikkje berre av lokale. Utanom stiane til Blegja og stølane er området lite nytta til friluftsliv.

Det skal plasserast eitt inntak i Stølselva og eitt i Storelva, begge på kote 230. Inntaka og rørgater vert liggjande i skog og like nedanfor den delen av vassdraget som er synleg frå avstand. I begge elvane skal det etablerast ein dam som er opptil 20m brei og 3m høg. Oppdemt areal vert ca. 100m² i Stølselva og 70-80m² i Storelva. I Stølselva må det sprengast ut for å oppnå tilstrekkeleg volum i dammen, og i Storelva må det sprengast ut eit område vest for elva for inntakskammeret. Ei lita elv mellom Stølselva og Storelva vert leia via ei 30m lang avskjeringsgrøft og deretter naturleg sig over til Stølselva. Vatnet frå Stølselva og Storelva går i felles leidning ned til kraftstasjonen ved sjøen, som har utløp i det austre utløpet av Storelva.

Det er ikkje registrert verdifulle naturtypar i området. Det er ikkje påvist raudlisteartar, men ål vandrar truleg sporadisk opp nedst i elvane. Alle tre elveløpa har anadrom strekning, med vandringshinder på nedsida av fylkesvegen. Fiskeundersøkingar tyder på at det er sporadisk oppvandring og gyting av sjøaure i elvane. Best gyteforhold er det i Stølselva. I tillegg er det stasjonær aure i alle tre elvane. Rådgivende Biologer AS vurderer den omsøkte minstevassføringa som for liten iht. produksjon av sjøauresmolt. Administrasjonen meiner minstevassføringa må aukast i Stølselva. Utbygginga vil føre til bortfall av noko INON-område.

I søknaden går det fram at kulturminne ikkje vert rørt, men på kart er vegen til kraftstasjonen lagt så vidt oppå eit automatisk freda kulturminne – gravminne. Vegene må plasserast tilstrekkeleg langt unna gravminnet, jfr. sikringsone på 5m etter kulturminnelova.

Rørgata vert gravd og sprengt ned på heile strekninga ned til kraftstasjonen, og det skal etablerast permanent veg. Det er stort sett lausmassar, unnateke fjell i dagen i eit midtparti. Her vil ein legge traséen slik at inngrep ikkje vert synleg frå fylkesvegen. I anleggsfasen er det for rørgata behov for å rydde ein trasé på ca. 20m breidde til grøftarbeid, anleggsveg og mellombels lagring av toppdekke. I dei brattaste partia må vegen gjere nokre ekstra svingar iht. rørgata, og ein må rekne ein anleggsbreidde på ca. 10m. Når anlegget er i drift vil vegen si breidde vere ca. 3m og 4-5m i hårnålssvingar. Administrasjonen meiner søknaden legg opp til store inngrep i det høvesvis bratte landskapet. Sjølv om området nedanfor inntaka er skjult i skog no, vil det ikkje nødvendigvis vere det framover. Rydding av så breie traséar vil i seg sjølv gjere anlegga godt synlege. Vegene kan gjere det enklare å ta ut skog, noko som er positivt, men det fører òg til at anlegga og redusert vassføring i elvene kan bli enda meir synlege. Administrasjonen ser det som viktig at traséen for både veg og rørgate spesielt ved Høgehammaren vert plassert godt i terrenget, med så lite massetak og massedeponi som mogeleg. Vegene opp til inntaka må sperrast med låst bom.

Vassføringa i Storelva er viktig iht. opplevingsverdien for dei som nyttar stien oppover mot Blegja. Administrasjonen meiner likevel ein kan akseptere redusert vassføring, sidan det berre gjeld den første delen av stien.

Administrasjonen er i utgangspunktet positiv til utbygging av Rørvika kraftverk, men kunne tenkt seg at det vart vald tekniske løysingar som gjev mindre inngrep i naturen.

Bakkeelva kraftverk

I gjeldande arealdel er det aktuelle området avsett til landbruks-, natur- og friluftsføremål (LNF). I framlegg til ny arealdel av kommuneplanen er det aktuelle området for kraftverksanlegget avsett til landbruks-, natur- og friluftsføremål (LNF) og omsynssone bandlegging etter anna lovverk. Området rundt den omsøkte kraftstasjonen er avsett til LNF med omsynssone for kulturmiljø (bevaring av bygningsmiljø - restane av Trollefossen ullvarefabrikk). Tiltaket er såleis ikkje i samsvar med plan.

Inntaket skal plasserast i Storelva, like nord for Fjellsenden, om lag der dalen flatar og vidar seg ut med hytter og støler på båe sider. Det skal etablerast ein dam som er 20m brei og 4m høg. Oppdemt areal vert ca. 900m². Rørgata vert gravd og sprengt ned på heile strekninga ned til kraftstasjonen, og det skal etablerast permanent veg. Det er stort sett lausmassar, unnateke fjell i dagen ved kote 248 og ein fjellnakke ca. 110m ovanfor kraftstasjonen. Overskotsmassar vert nytta til vegbygging og overdekkingsmasse. All sprengstein vert skjult innanfor oppgjeven rørgatetrasé. Det skal ryddast ein trasé med 15m breidde.

Det er registrert ein naturtypelokalitet med verdi B (viktig) i området – gråor-heggeskog. Rørgata vil ligge heilt i kanten av lokaliteten, og difor ikkje føre til særlege konsekvensar for naturverdiane. Heile den aktuelle elvestrekninga har fått stor verdi pga. mogeleg førekomst av ål (CR – kritisk truga), men truleg er det ikkje ål ovanfor Trollefossen, som er eit vandringshinder. Evt. anadrom fisk går heller ikkje lengre opp. Det kan òg vere aure på den aktuelle strekninga, sidan det er registrert aure både i vatn oppstraums og i elva nedstraums. Redusert vassføring er vurdert til å ikkje ha vesentleg negativ verknad på fisk og andre artar.

Det er funne raudlisteartane ask (NT) og alm (NT) spreidd i nedre delar av tiltaksområdet. Hogst i samband med vassvegen kan vere negativt. Utbygginga vil føre til bortfall av eit lite areal INON-område.

Det ligg ikkje føre detaljert kart som viser plasseringa av kraftstasjonen, men det går fram at bygningen skal plasserast nær Trollefossen ullvarefabrikk, som ma. har restar av gamle innretningar for vassdragsregulering. Dette er kulturminne som representerer viktig lokal industrihistorie. Området er òg avmerka med omsynssone kulturmiljø i framlegget til ny arealdel. Administrasjonen meiner det er viktig at kraftstasjonen vert plassert og utforma med god tilpassing til kulturminna – som ei framheving og vidareføring av industritradisjonane i bygda. Restar etter kvernhus lengre opp i elva må òg takast vare på. Rørgate og anleggsveg må plasserast så langt unna at kulturminna ikkje vert rørt. Det ser ut som det er gjort i søknaden.

Fjellområdet her er svært mykje brukt til friluftsliv, kanskje det mest brukte i kommunen. Elva går djupt nede i ein dal, der det er tett skog. Ei strekning frå Engebø og oppover går det sti/skogsveg høvesvis nær elva. Bortsett frå der er det så å seie ingen som går langs elva, og det vil ha lite å seie om vassføringa er redusert. Dei fleste nyttar anleggsvegen eit stykke oppe i lia på vestsida av elva. Anleggsvegen følgjer nokolunde traséen for drikkevassleidningen frå Nyksvatn. Veggen er prega av erosjon, og såleis ganske markant i landskapet. I lia på austsida av elva ligg det skogsvegar og stiar («Instelia» og «Ytstelia») som òg vert nytta ein del for å komme seg til fjells, ma. til to stølsområde. Skogsvegane har høvesvis enkel standard, slik at dei er brukbart tilpassa landskapet. Det er bygd bru over elva frå parkeringsplassen ved vassverket, slik at han kan vere turutgangspunkt for turar på begge sider av elva.

Den omsøkte rørgata og anleggsvegen med ein 15m brei korridor vil vere svært synleg frå andre sida av elva. Noko vegetasjon vil gro til, og redusere synlegheita med tida, men ein permanent anleggsveg på 3m breidde vil uansett vere svært markant i terrenget. Spesielt der vegen skal gå «over kanten» ved Fjellsenden er det viktig at vegen vert plassert godt i terrenget. Dette partiet er synleg frå mange retningar. Av søknaden går det òg fram at det her er fjell i dagen, og grøftetraséen må sprengast (kote 248). I følgje søkjar skal vegen nyttast til vedlikehald av inntaket, og diverse næringsverksemd knytt til jordbruket. Så langt administrasjonen kjenner til, består landbruksinteressene av vanleg fjellbeite. (Eksisterande skogsvegar dekkar behovet iht. uttak av skog/ved) Det er såleis ikkje større behov for veg her enn i andre fjellområde i kommunen. (Det vil heller ikkje vere automatisk tillatt å køyre på vegen for å sjå til dyr; Etter lov om motorferdsel i utmark er det berre *nødvendig* køyring i landbrukssamanhang som er tillatt.) For mange vert ein anleggsveg, særleg dersom tilstanden er dårleg, oppfatta som ei strekning ein må komme seg forbi før ein startar på den eigentlege turen. Dersom begge dei to inngangsportane til Holmedalsfjella, på kvar si side av elva, består av anleggsveg, vil opplevingsverdien for mange verte redusert. Dersom anleggsvegen heilt opp til inntaket heller vert bygd som køyresterkt terreng, kan ein både oppnå lettare tilgjenge for fleire til fjellområda, samtidig som ein ikkje øydelegg turopplevinga for andre. Administrasjonen meiner såleis at ein bør gje løyve til Bakkeelva kraftverk, men at det må settast krav om at vegen til inntaket må utformast som køyresterkt terreng. Veggen må sperrast med låst bom ved kraftstasjonen.

Fossevika småkraftverk

I gjeldande arealdel er det aktuelle området avsett til landbruks-, natur- og friluftsføremål (LNF). I framlegg til ny arealdel av kommuneplanen er det aktuelle området for kraftverksanlegget avsett til landbruks-, natur- og friluftsføremål (LNF) og omsynssone for

kulturmiljø (bevaring av kulturlandskap og bygningsmiljø i Fossevika, Nedre Fossedal og Øvre Fossedal). Tiltaket er såleis ikkje i samsvar med plan.

I fylkesdelplan for friluftsliv er området avsett som område av regional verdi for friluftsliv. I FRIDA-registeret er dei høgareliggande områda registrert med regional bruksverdi som friluftsområde. Områda i sør er registrert med lokal bruksverdi.

I rapport Kulturlandskap og kulturmarkstyper i Askvoll kommune (T.Helle 1990) er Fossedalen avmerka som kulturlandskap fjellgardar og husmannsplassar.

Fylkesdelplan for småkraftverk og Retningslinjer for små vasskraftverk (OED) viser til at ein skal ta spesielle omsyn til fossar som viktig landskapselement. I denne utbygginga vert både fossen i Nedre Fossedal og Vikafossen rørt.

Det er registrert tre verdifulle naturtypelokalitetar i området. Ingen av dei vert råka av tiltaket. Det er ikkje gjort registreringar i området for kraftstasjon og rørgate i Fossevika, sidan utbyggingsplanane vart endra i etterkant av synfaringa. Det må difor gjerast ein oppfølgjande kartlegging av naturbeitemarka her. Det er påvist 4 raudlisteartar i området – fiskemåke, ask og alm (alle NT) og sporsteikn etter oter (VU – sårbar). Det er aure i Fossedalsvatnet og i elva nedstraums. Utbygginga vil føre til bortfall av noko INON-område.

Det skal etablerast ein låg overløpsterskel i utløpet av Fossedalsvatnet, 0.5m høg og 20-25m lang. Inntaket vert utført som ein gravd/sprengt kanal inn til inntaksarrangementet, som vert bygd inn i eit naustliknande bygg i søraustre del av vatnet. Dette er eit ope område med flate svaberg, og slike inngrep vil etter administrasjonen sitt syn vere svært uheldig.

Kraftstasjonen skal plasserast heilt nede ved fjorden, og kan truleg utformast slik at det er tilpassa det øvrige bygningsmiljøet. Påhogg til tunnelen vil verte eit framandelement i Fossevika, men kan truleg få ein diskret utforming. Tunnelmassane skal delvis nyttast til kai og molo. Dette vil etter administrasjonen si meining bryte sterkt med kulturlandskap og bygningsmiljø i Fossevika, der det er forsøkt å sette i stand/gjenskape ein gamal husmannsplass. Overskotsmassar skal dumpast på same staden som massar frå bygging av Dalsfjordsambandet. Dersom massar likevel skal fraktast av garde, meiner administrasjonen ein heller bør prøve å finne fornuftig bruk av massane, i staden for å dumpe dei.

I Øvre Fossedal ligg to gardsbruk. I Nedre Fossedal eitt gardsbruk, og i Fossevika to (tre) husmannsplassar. Bygda er veglaus, og er prega av det. Fossedalen står i ei særstilling med historia om busetnaden i dalen, kulturlandskap og flott natur. Eit besøk i Fossedalen i dag er ei unik oppleving på grunn av dalen si plassering og historie. Bygging av kraftverk og redusert vassføring i fossane vil vere svært negativt for Fossedalen som opplevings- og naturområde. Vassdraget med naturleg vassføring er vesentleg for landskapsbiletet i dalen. Kraftutbygging og moderne tekniske inngrep vil øydelegge opplevinga av dalen som «urørt». Det går kraftoverføringsline gjennom Fossedalen, men denne ligg noko vekk frå gardane, og påverkar ikkje det urørte preget i særleg grad. Fossedalen som bygd var prega av avgrensa tilkomst. Utfylt kai og molo vil bryte sterkt med det gamle husmannsmiljøet i Fossevika.

Fossedalsområdet er eit mykje nytta turområde for folk frå både Askvoll og Fjaler og andre stader. Fossedalen er mykje meir tilgjengeleg etter at Dalsfjordbrua vart opna og det vart tilrettelagt med parkeringsplass ved brua og rydda og merka sti vidare til Fossevika og vidare opp i fjella. Dette gir ikkje berre auka tilgjenge til Fossevika og Fossedalen, men òg til eit stort friluftsområde med to aktivt brukte turlagshytter – Nipebu og Massbu. Fossevika er

såleis inngangsport til eit større, attraktivt fjellområde. Vikafossen og Laukelandsfossen i lag er eit viktig landskapselement, og viktig både for friluftsliv og reiseliv. Redusert vassføring vil medføre betydeleg reduksjon av fossen og elva sin verdi. Det er stort lokalt engasjement mot utbygging. Kraftutbygginga gjev liten sysselsetting utover anleggsfasen, og vil ha negativ verknad for andre næringar, då det vil påverke og redusere moglegheiter for å utvikle reiselivsaktivitetar som overnatting, naturopplevingar og friluftaktivitetar. Vatnet i elva og fossane, og lyden av rennande vatn, er etter administrasjonen si meining ein vesentleg del av naturopplevinga i Fossedalen.

I sak F 18/97 uttalte kommunen seg om Ytre Fjordane Kraftlag (no SFE) sine utbyggingsplanar i Skorva-, Rivedals- og Fossedalsvassdraget, og gjekk imot kraftutbygging i Fossedalen/Fossevika.

I sak K 21/01 Samla plan for vassdrag – høyring av vassdragsrapportane for Rivedalsvassdraget og Skorvenvassdraget, gjekk kommunestyret på det sterkaste imot at Fossedalen skulle verte berørt av kraftutbygging.

I sak KOM 090/04 Søknad frå Småkraft AS om flytting av Fossedalen kraftverk frå kategori 2 til kategori 1 i Samla plan, heldt kommunestyret fast på vedtaket i K 21/01 om at kommunen ønskjer at Fossedalen ikkje skal verte berørt av kraftutbygging.

Rett nok har dei tidlegare omsøkte utbyggingane vore meir omfattande enn denne gongen, men kommunen har gjennom ei årrekke fremma ønsket om at Fossedalen skal vere urørt. Administrasjonen kan ikkje sjå at det er noko som tilseier at ein skal endre haldning til dette. Tvert imot er det dei seinare åra bygd ut meir vasskraft i kommunen, noko som tilseier at det er enda større grunn til å ta vare på Fossedalen.

Svært store delar av kommunen sitt fastland er prega av ulike utbyggingar i vassdraga. Holmedalsfjella og Stongfjordfjella er begge mykje utbygd med større og mindre tiltak, Rivedalselva og Vågeelva er utbygd. I Skorvemarka er svært mykje utbygd, både av SFE og i to private kraftverk, dei siste som fekk løyve var Grunnevatn og Leknesvatn kraftverk. Hundsåna, Rørvik og Bakkeelva kraftverk er omsøkt. Av dei høgareliggande fjellområda er det berre platået med Stordalsvatnet og Longevatnet med Nipebu som er urørt igjen i kommunen. Desse områda heng saman med Fossedalen, og er mykje nytta til friluftsliv. I praksis vil det nesten ikkje vere nokon stader i kommunen ein kan starte fjellturen utan å gå langs utbygde vassdrag. Administrasjonen meiner det vil vere svært uheldig å byggje ut Fossevika kraftverk.

I kommunedelplan for klima og energi, vedteken 12.05.11, er kraftutbygging eit tiltak. Vasskraft er rekna som meir miljøvennleg og bør erstatte energibruk basert på fossilt brensel. I kommunen vert det produsert svært mykje energi, i høve til forbruket i kommunen. Denne energien vert eksportert ut av kommunen. Kommunen har såleis gjort ein stor miljøinnsats på dette området. Vidare kraftutbygging bør føregå i område som allereie er påverka av kraftutbygging eller i lågareliggande område som ikkje er så mykje brukt til friluftsliv. Dei høgareliggande fjellområda og Fossedalen/Fossevika er så verdifulle for lokalbefolkninga at vassressursane her ikkje bør byggast ut.

Kommunen vil få inntekt frå eigedomsskatt på kraftverka. Hundsåna kraftverk ligg i både Askvoll og Førde kommunar, og det er eigne reglar for korleis skatten skal fordelast på kommunane. Kommunen får ikkje konsesjonskraft eller konsesjonsavgift frå småkraftverka. Grunneigarar/fallrettshavarar vil få ei tilleggssinntekt, som vil bidra til å oppretthalde busetnad og aktivitet. Bygginga av kraftverka vil òg føre til auka sysselsetting og omsetnad. Dersom desse partane er lokale, kan det føre til ei viss auke i kommunen sine skatteinntekter.

Konklusjon:

Administrasjonen meiner Hestvika, Rørvika og Bakkeelva kraftverk kan byggjast ut, på visse vilkår. Fossevika kraftverk må få avslag.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

-

SAKSDOKUMENT:**Trykte vedlegg:**

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	I	19.11.2014	Norges Vassdrags- og Energiverk	Høyringsbrev småkraftpakke Askvoll-Førde.
4	I	14.01.2015	Fossedalens Vener	Fossedalen/Fossevika - høyring
3	I	14.01.2015	Anders Pihl	Fossedalens Kraftverk
5	I	15.01.2015	Sogn og Fjordane turlag	Sogn og Fjordane Turlag sine synspunkt på dei 4 konsesjonssøkte småkraftutbyggingane i Askvoll.

Ikkje trykte vedlegg:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	30.06.2014	Norges Vassdrags- og Energiverk	Oppstart småkraftpakke Førde/Askvoll/Naustdal